



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 06.03.2018

Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset

Møtetid: 10:00 - 11:30

Neste møte - sak kollektivtrafikk i kommunen. Skyss vert invitert til møtet for å gje ei orientering om kollektivtilbodet i kommunen.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Anna K.Valle	SP	Medlem
Alf Sætran		Medlem
Magnhild Marie Haugen		Nestleiar
Terje Fjellanger		Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Vendla Urdal		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Kirsten Fjellanger		Vendla Urdal

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nielsen-rådgjevar plan, Line Thuen Waage-rådgjevar plan, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar plaqn, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
004/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
005/18	Godkjenning av møteprotokoll
006/18	Framlegg til planprogram og oppstart av Områdeplan for Ostereidet
007/18	Ny 1. gangs handsaming - E39 Knarvik senturm - oval rundkjøring - planID 1263-201702
008/18	Framlegg til planprogram og oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

004/18: Godkjenning av innkalling og saksliste**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent

06.03.2018 ELDRERÅDET

Ingen merknader, samråystes.

ER - 004/18 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent.

005/18: Godkjenning av møteprotokoll**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent

06.03.2018 Eldrerådet

Ingen merknader, samråystes.

ER - 005/18 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent

006/18: Framlegg til planprogram og oppstart av Områdeplan for Ostereidet**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og 12-8 vedtek plan- og miljøutvalet oppstart av områdeplan for Ostereidet og legg planprogram for områdeplan ut på høyring.

24.01.2018 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

PM - 014/18 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1 og 12-8 vedtek plan- og miljøutvalet oppstart av områdeplan for Ostereidet og legg planprogram for områdeplan ut på høyring.

06.03.2018 ELDRERÅDET

Marte Eriksrud orienterte til saka.

Ingen merknader, samråystes.

ER - 006/18 UTTALE:

Elrerådet har ingen merknader.

007/18: Ny 1. gangs handsaming - E39 Knarvik senturm - oval rundkøyring - planID 1263-201702**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge opphavleg planframlegg (også omtalt som *alternativ 1*) til reguleringsplan for *E39 Knarvik sentrum – oval*

rundkøring med planID 1263-201702, ut til offentleg ettersyn.

11.01.2018 PLAN- OG MILJØUTVALET

Orientering til saka v/Marit Mienna frå firma Norconsult

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (Sæbjørg H. Kjeka-Krf)

Fellesframlegg frå H og Frp v/T. Larsen-H:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge planframlegg alternativ 2 til reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøring med planID 1263-201702, ut til offentleg ettersyn.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (H, Frp)

Fellesframlegg frå Ap, Krf og Sp v/H. Brunborg-Ap:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge planframlegg alternativ 1 og 2 til reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøring med planID 1263-201702, ut til offentleg ettersyn.

Framlegg vart vedteke med 6 røyster (Ap, Krf, Sp)

PM - 006/18 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge planframlegg alternativ 1 og 2 til reguleringsplan for E39 Knarvik sentrum – oval rundkøring med planID 1263-201702, ut til offentleg ettersyn.

22.01.2018 Ungdomsrådet

Ungdomsrådet meiner at Lindås kommune først og fremst må sikra at barn og unge kan ferdast trygt i Knarvik sentrum. Uavhengig av om dei nyttar bein eller andre fremkomstmidler. Dette vert best ivaretatt av alternativ 1.

Rådmannens sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 7 røyster (mot Thea Risøy).

UR - 006/18 UTTALE:

Ingen merknader.

06.03.2018 ELDRERÅDET

Kristin Nielsen orienterte til saka.

Eldrerådet meinar alternativ 1 er det beste då syklande og gåande vert adskilt. Det vil verta stor trafikk i samband med noverande og framtidig utbygging i området, både av born og eldre. Framlegget vart samrøystes vedteke.

ER - 007/18 UTTALE:

Eldrerådet meinar alternativ 1 er det beste då syklande og gåande vert adskilt. Det vil verta stor trafikk i samband med noverande og framtidig utbygging i området, både av born og eldre.

008/18: Framlegg til planprogram og oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 og §11-13 vedtek plan- og miljøutvalet oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 og legg planprogram for arealdelen ut på høyring og

offentleg ettersyn. Høyringsperioden vert sett til min. 6 veker frå kunngjeringsdato.

11.01.2018 Plan- og miljøutvalet

Fellesframlegg nr. 1:

Setningen: Det skal vurderast korleis ein kan dele kommunen inn i ulike soner med ulike strategiar knytt til tettleik.

Vert byta ut med:

Det skal vurderast korleis ein kan dele kommunen inn i ulike soner med ulike strategiar knytt til kva soner ein skal kunne vurdere fortetting og kva soner ein skal kunna vurdere å leggje ut nye bustadområde.

Fellesframlegg nr. 2:

Under "Landbruk, natur- og friluftsområde" punkt "Aktuelle utgreiingar" tar ein bort fjerde kulepunkt "Langsiktig grense mellom LNF-områda og utbyggingsområda"

Fellesframlegg nr. 3:

Utgreia om området frå Austfjorden til grense Modalen skal ha særskilt status for friluftsliv.

Fellesframlegg nr. 4:

Byggeområde for naust

I gjeldande KPA (2011) er det fokus på at behovet for naust først og fremst blir dekkja i samband med småbåthamnene. Dette fokuset vil bli vidareført i arbeidet med ny arealdel. I tillegg vil det bli opna for nokre nye større naustområde. Til desse områda vil det bli satt særskilte krav til antal naust (8-15), tilkomst med bil, parkering og tilgang for ålmenta i naustområda. I den grad det skal etablerast tiltak i sjø til naustområda, til dømes flytebrygge og kai, skal det etablerast felles anlegg for området.

Aktuelle utgreiingar

- Analyse av tilgjengeleg areal innanfor føremålet
- Kartlegge aktuelle nye naustområde
- Forvaltning av strandsone

Rådmannen sitt framlegg med endringar vart samrøystes vedteke.

PM - 005/18 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-12 og § 11-13 vedtek plan- og miljøutvalet oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 og legg planprogram for arealdelen ut på høyring og offentleg ettersyn, med følgjande endringar: Høyringsperioden vert sett til min. 6 veker frå kunngjeringsdato.

1. Setningen: Det skal vurderast korleis ein kan dele kommunen inn i ulike soner med ulike strategiar knytt til tettleik.

Vert byta ut med:

Det skal vurderast korleis ein kan dele kommunen inn i ulike soner med ulike strategiar knytt til kva soner ein skal kunne vurdere fortetting og kva soner ein skal kunna vurdere å leggje ut nye bustadområde.

2. Under "Landbruk, natur- og friluftsområde" punkt "Aktuelle utgreiingar" tar ein bort fjerde kulepunkt "Langsiktig grense mellom LNF-områda og utbyggingsområda"

3. Utgreia om området frå Austfjorden til grense Modalen skal ha særskilt status for friluftsliv.

4. Byggeområde for naust

I gjeldande KPA (2011) er det fokus på at behovet for naust først og fremst blir dekka i samband med småbåthamnene. Dette fokuset vil bli vidareført i arbeidet med ny areal del. I tillegg vil det bli opna for nokre nye større naustområde. Til desse områda vil det bli satt særskilte krav til antal naust (8-15), tilkomst med bil, parkering og tilgang for ålmenta i naustområda. I den grad det skal etablerast tiltak i sjø til naustområda, til dømes flytebrygge og kai, skal det etablerast felles anlegg for området.

Aktuelle utgreiingar

- Analyse av tilgjengeleg areal innanfor føremålet
- Kartlegge aktuelle nye naustområde
- Forvaltning av strandsone

06.03.2018 ELDRERÅDET

Line Thuen Waage orienterte til saka. Planprogram - høyringsutkast - vart utdelt i møtet (med endringane frå plan- og miljøutvalet).

Eldrerådet meiner det er viktig å setta av areal til eldre-/seniorbustader i tilknytting til senter og service tilbod.

Det bør og vurderast fortetting av bustadar i område som ikkje er nemnd i planen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ER - 008/18 UTTALE:

Eldrerådet meiner det er viktig å setta av areal til eldre-/seniorbustader i tilknytting til senter og service tilbod.

Det bør og vurderast fortetting av bustadar i område som ikkje er nemnd i planen.